



LINDÅS KOMMUNE
Eikanger skule



Eikanger, 31.10.2016

Referat frå møte i SMU (skulemiljøutvalet)

Tid: Onsdag 19. oktober kl. 17:30-18:45

Stad: Personalrommet, Eikanger skule

<u>Elevrepresentantar:</u> Kristian Eknes Benjamin Ebbesen Mathias N. Haugen	<u>Frå skulen:</u> Bjørn Ivar Rusten, lærar Victoria Tvedt, lærar Sonja Moldeklev, ped. medarbeidar
<u>Foreldrerepresentantar:</u> Monica Ebbesen Kari Anne Mjelde	<u>Frå kommunen:</u> Lena Otterbu, rektor

Til stades på møtet:

Meldt forfall: Ein representant frå foreldreutvalet.

SMU-Sak 01 10/16 Konstituering av SMU for skuleåret 2016-17:

Leiar: Kari Anne Mjelde

Nestleiar/ vara: Anders Eidsnes

Skrivar: Lena Otterbu

SMU-Sak 02 10/16 Rektor gjekk gjennom planen «Systematisk arbeid for eit godt læringsmiljø», inkl. ordens- og samværsreglar, revidert for skuleåret 2016-17. Forslag frå skulen om å ta med eit nytt punkt i ordens-/samværsreglane vart støtta i SMU. det vert no skriftleggjort at skuleplassen og –området, om ikkje annan avtale ligg føre, kun kan nyttast av SFO i tidsrommet frå etter skuletid og fram til 16:30. Skriftleggjinga er teke med av omsyn til ansvaret for tilsyn i tidsrommet mellom skule- og SFO-tida.

SMU-Sak 03 10/16 Informasjon om arbeid i Elevrådet og andre trivselstiltak v/ elevrådet: Skulen held på tradisjonen med felleslunsjar, trivselssamlingar, julefest, pensjonisttreff, juleverkstad, sommaravslutting mm. Dette er viktig for fellesskapet, og er med på å skape relasjonar på tvers. Å få aktivitetsleiarordninga opp og gå, er prioritert hjå Elevrådet. Elevrådet ønskjer nytt sykkelstativ, då det vert for lite plass å parkere. Ulike løysingar vart diskutert. Lena og elvane ser vidare på saka i morgon. Elevrådet ønskjer og felles balldag, ein god idé som dei vaksne ved skulen absolutt vil vere med på. Elevane ønskjer seg veldig ein bytur, dette er dei vaksne på

Adresse:
Fyllingsnesvegen 350,
5913 Eikangervåg

Telefon
56 37 50 30
56 37 52 02 – rektor

Organisasjonsnr.
935 084 733

E-post: eikanger.skule@lindas.kommune.no



LINDÅS KOMMUNE
Eikanger skule



skulen positive til . Vi skal jobbe for å finne eit program som kan passe med aktuelle tema.

- SMU-Sak 04 10/16 Innspel frå skulen: Elevkveld i regi av foreldrerådet.** Saka har vore oppe i FAU tidlegare, og foreldra stiller seg positive til å ta over stafettpinnen. Skulen beveger seg i grenseland av kva som kan tillast i høve til gratisprinsippet, og kan ikkje forsvare å bruke så mykje av undervisningstid på ein slik kveld. Erfaringar og tips frå lærarane delast sjølvsgt med arrangørane, og både lærarar og elevar er veldig glade for at FAU vil ta over kveldsarrangementet.
- SMU-Sak 05 10/16 Informasjon om Elevundersøkinga 2016-17 v/rektor:** Undersøkinga er obligatorisk på 7. trinn, men vert gjennomført i januar -17 på 5.-7. trinn for å få eit breiare grunnlag. Frivillig gjennomføring av Foreldreundersøkinga var oppe til drøfting. Det har vore ei utfordring å få foreldresvar inn. Foreldremedverknad gjennom deltaking i Foreldreundersøkinga er ein viktig faktor i Kvalitetsbesøket i februar, der alle brukargrupper i skulen deltek. SMU foreslår at Elevundersøkinga og Foreldreundersøkinga vert gjennomført samtidig, og at det blir informert om i eit fellesskriv.
- SMU-Sak 06 10/16 Informasjon om skulemiljøretta arbeid i FAU:** Sporløpet i haust var kjekt. Diverre krasja det med fotballtrening, så oppmøtet var ikkje så stort som ønska. Reflekskampanjen i fjor var veldig vellykka, kjekt at FAU fekk både politi og NAF til å stille! FAU ønskjer å gjenta kampanjen, med oppstart i november/desember.
- SMU-Sak 07 10/16 Oppdatering i høve til plan for uteområdet:** Skulen ønskjer å få planert området der den gamle lærarbustaden sto. Området kan då nyttast til basketball, strikkhopping, sykling ol. Per i dag venter vi framleis på nytt i denne saka.
- SMU-Sak 08 10/16 Innspel til vidare arbeid i SMU:** Utover det som er skissert over, kom det ikkje inn nye forslag.
- SMU-Sak 09 10/16 Eventuelt:** Ingen innspel.

Referent: Lena Otterbu, rektor

Adresse:
Fyllingsnesvegen 350,
5913 Eikangervåg

Telefon
56 37 50 30
56 37 52 02 – rektor

Organisasjonsnr.
935 084 733

E-post: eikanger.skule@lindas.kommune.no